

Arbeidsrapport

Startdato: 04.01.2014

Sluttdato: 19.11.16

Tall timar eige arbeid: 100,5 timar

Namn på tiltakshavar: Daniel Jordal

Gnr/bnr: 39/5

Godkjent kostnad: 23 100 kr

Løyvd tilskot: 11 500 kr

Slik vart arbeidet utført, utfordringar og nytte av arbeidet:

Arbeidet starta med å finne grensemerka. Dette var tidkrevjande arbeid, men vi fann nok merker til å plassere gjerdet tilnærma i grensa vår. Kring traseen sør-vest for huset var det tett og kraftig granskog, og denne vart hogd før grensene vart funnen. Arbeidet med skogshogst har vi ikkje ført timar for. Vidare vart resten av traseen rydda for skog. Arbeidet med å setje ned stolpar, topp- og botntråd, netting og bensling har gått mykje kjappare enn forrige område vi gjerda inn, då vi no har litt erfaring frå tidlegare. Når det gjeld montering av stålstolpar, har me lånt utstyr av BKK då eg jobbar der. Dette har vore ein god hjelp i arbeidet.

Beitet vart tatt i bruk våren 2014, som sauebeite. Vi ønskjer framleis å tynne i lauvskogen inne på beitet, og dette vil vi gjere ved passande høve.

Vi har ikkje greidd å notere ned alle timane vi har brukt, mellom anna til grenseleiting. Det er og nokre kostnader vi ikkje har dokumentasjon på, til dømes til gågrinda. Det ser likevel ut som at vi kjem over summane i søknaden, og legg difor ikkje meir arbeid ned i å leite fram dette. Ta kontakt dersom dette er naudsynt.

Med vennleg helsing

Dato: 27/11-16

Stad: Caustad

Signatur: Daniel Jordal